

Frå Uskedalen til Havanna.

22.04.2015



Klar til å forlata vakre Uskedalen for opplevingar i Havanna

Når Magne Huglen og Kristian Olav Bringedal set seg ombord i flyet på Flesland førstkommande mandag morgen, kan dei sjå fram til ei veke på Cuba med tettpakka og spennande program. Dei to er godt førebudde, og då eg møtte dei på Dønhaug, var dei oppslukte av kart, brosjyrar og anna informasjonsmateriale. Begge var iført t-skjorter med trykk som understrekar reisemålet.

Turen frå Flesland vil gå via Amsterdam, og så vidare direkte til Havanna. Reisetida inklusive venting er om lag 12,5 time, men med ein tidsskilnad på 6 timer har dei noko att av dagen når dei kjem fram. Dei dreg rett til Hotel Nacionale del Cuba der dei skal bu dei 3 første nettene. Hotellet er kjent som samlingsstsaden til mafiaen fram til regimeskiftet.

- Det har eit heilt fantastisk uteområde med park, havutsikt, nydelege solnedgongar og malecon, cubanarane sin strandpromenade, fortel Magne, og er særdeles engasjert. Det er tydeleg at reisemålet betyr noko heilt spesielt for han. Han har også opplevd Cuba tidlegare, på ei reise for vel 4 år sidan.



Grundig planlegging sikrar godt innhald i turen.

1. mai på Revolusjonsplassen.

- Kvifor reiser de akkurat no? spør eg og ønskjer å få vita om bakgrunnen for reisa.
- Grunnen til at vi reiser no, er at vi ser at det kan koma til å skje store endringar. Vi vil oppleve 1.mai-feiringa slik som den har vore dei siste 50 åra, fossar Magne Huglen vidare, stadig meir engasjert og legg til at han har fått fortalt av andre at å oppleve 1.mai-feiringa på Revolusjonsplassen i Havanna er heilt spesielt.

Han reknar med at dei får ei natt med lite søvn, og at dei opplever at dagen gryr med enorme folkemengder på Revolusjonsplassen.

- Eg vil tru det er over 1 million til stades som feirar dagen med musikk og talar utover føremiddagen. Makta er samla på Revolusjonsplassen, seier Magne forventningsfullt og har snakka seg skikkeleg varm. Varmt vert det nok også utover dagen på Revolusjonsplassen så dei må nok kanskje avslutta før talane er slutt dersom dei vert altfor lange.

- Det er nok rundt 30 grader der no, seier Kristian.

Folkeliv og kultur.

Førstereisgut Kristian O. Bringedal ser også fram til å oppleve folkelivet under 1.mai-feiringa, men har sjølv sagt også andre forventningar til turen.

- Eg er nok kanskje meir optatt av å oppleve folkelivet elles, museum, kyrkjer og kultur. Dessutan var jo far min sjømann, og Havanna er ein hamneby. Det betyr mykje for meg å koma til sentrale hamner som han besøkte.

Elles er det eit rikt kulturhistorisk program med besøk i bydelen Vedado frå kolonitida, ein heilt uttruleg gravplass, ein sigarfabrikk, ein rumfabrikk og ikkje minst vil dei bruka god tid på Gamlebyen som står på verdsarvlista til UNESCO. Etter 3 netter byter dei også hotel og kjem til å bu sentralt i Gamlebyen.

Sjølv sagt skal dei også oppleva cubansk musikk og salsa dans, og kanskje teater. Det siste er dei litt usikre på grunna sviktande språkkunnskapar i spansk.

Ein dag har dei sett av til å bruka i den kjende forfattaren Ernest Hemingway sine fotspor. Dei vil oppsøkja stamplasser frå hans liv før dei avsluttar dagen på Bar Floridita.

- Der møtte eg tidlegare president Jimmy Carter(USA) sist eg var der, fortel Magne medan Kristian humørfylt supplerer: - Du skulle ha satsa på storpolitikken du, Magne, i staden for kommunepolitikken.

Visum og alle nødvendige dokument er for lengst på plass. Dei to er meir enn reiseklare. Og vi ser fram til interessante lesarbrev fylt med spennande opplevingar.

Vi seier god tur!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland